



Modalen Næringsbygg As
Postboks 17
5732 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/50 - 23/885

Saksbehandlar:
Tonje Husum Aarland
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:
21.03.2023

Svar - Søknad om tilskot frå næringsfond til MNB As

Viser til søknad til næringsfondet om tilskot til kjøp av bygningsmasse «Uni-bygget» på Øvre-Helland. Kommunestyret gjorde i møtet 23.02.2023 i sak 008/2023 slikt vedtak i saka:

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek å gje tilskot og lån til kjøp av bygningsmassen "uni-bygget" på Øvre-Helland. Det vert gjeve 600 000 kr i tilskot og 250 000 kr i lån.

Det vert i tillegg gjort følgjande budsjettjustering:

-auka tilskot frå næringsfondet kr 1,5 millionar finansiert ved bruk av disp.fond/næringsfond.

Vilkår:

Vedtakter for næringsfondet og strategisk næringsplan 2017 – 2021 ligg til grunn for løyvinga. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.

Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/ tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet. Lån over 50 000,- skal sikrast med pant.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Ta kontakt med underteikna for nærare avtale om dokumentasjon og utbetaling.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Magne Verpelstad

Mottakere:

Modalen Næringsbygg As

Postboks 17

5732

Modalen